

 Naturvernforbundet

#1 - 2017 • 41. årgang
Magasin for medlemmer i
Naturvernforbundet Hordaland

kr 50,-

NaturVest



Den usynlige
plastforurensningen **6**

Flaumregulering i
Vossovassdraget **8-9**

Flytrafikken - ver sting
som belønnes **16-17**



Ein transportplan på ville vegar

TEKST

SYNNØVE KVAMME

Når framtidas nordmenn ein gong i framtida blar i gamle aviser, vil dei nok klø seg i hovudet over oppslaga 28. februar 2017, då statsminister Erna Solberg var i Arna og presenterte nokre av hovudprosjekta i Nasjonal Transportplan. Vel eit halvår etter at Noreg stolt ratifiserte den mest ambisiøse klimaavtalen gjennom tidene, lovar den same regjeringa å finansiera ei rekke prosjekt som vil gje ein kraftig auke i klimagassutslepp: Nye firefelts motorvegar med plass til endå fleire bilar, og ny flyplass i Bodø. Det største vegprosjektet og naturinngrepet i Noregs historie, ferjelaus E39, skal realiserast innan 20 år. Dette harmonerer dårleg med løftet om å unngå dei farlegaste klimaendringane og kutta 40 % av klimagassutsleppa innan 2030.

Vegtrafikken utgjør i dag 19 % av Noreg sine klimagassutslepp, og flytrafikken om lag 12 %. Gevinsten med betre teknologi, el- og hybridbilar har vorte eten opp av veksten i privatbilisme og flyturar, og utsleppa frå transportsektoren auka med 25 %

i perioden 1990-2015. Private bilar utgjør den største utsleppskjelda i vegtrafikken – likevel er det brei politisk semje om å leggja til rette for auke nettopp i privatbilismen. Målet er at fleire skal kunna pendla med bil over lengre avstandar. Dette målet er ikkje berre dyrt i form av klimagassutslepp og naturinngrep, men også i kroner. E39 åleine har ein anslått kostnad på svimlande 340 milliardar kroner. Berre i Hordaland vil prosjektet koma i konflikt med 40 nasjonalt eller internasjonalt viktige naturtypar som Noreg har eit særskilt ansvar for. Såleis vil E39 bidra til å forsterka to av vår tids største problem: klimaendringane og øydelegging av naturen og artsmangfaldet. Til og med dersom alle bilane på E39 var elbilar, kan ikkje problematikken med mikroplast frå bildekk, ressursbruk og utslepp i produksjonsfasen utelatast frå reknestykket.

Korleis kan Noreg sjå ut i 2030 dersom alle milliardane som er tiltenkt motorvegar og flyplassar i staden vert brukt til opprusting og sikring av vegane me allereie har, oppgradering av jernbanen, kollektivtransport, gang- og sykkelvegar og smart arealplanlegging? Om politikanne prioriterer levande samfunn der folk bur, jobbar og trivst, i gode og reine miljø, utan å vera avhengige av å ha privat bil for å koma seg fram? Ikkje berre vil me vera eit godt stykke på veg i omstillinga til eit haldbart samfunn – me vil også ha investert i folk si helse og trivsel – framfor å ha investert i vidare naturøydelegging, mikroplast, klimagassutslepp, kjedelege motorvegar, bilkø og frustrasjon.

«Det største vegprosjektet og naturinngrepet i Noregs historie, ferjelaus E39, skal realiserast innan 20 år.

NaturVest er medlemsbladet til Naturvernforbundet Hordaland og gis ut to ganger i året.

Naturvernforbundet fremmer kunnskap og løysningar som ivaretar naturen og skaper et energieffektivt samfunn i økologisk balanse. Vi er over 20 000 medlemmer i 100 lokallag med fylkeslag i alle fylker og hovedkontor i Oslo. Vi er en del av den verdensomspennende miljøvernorganisasjonen Friends of the Earth.

Daglig leder

Nils Tore Skogland

Redaktør

Øyvind Strømmen

Bidragstere

Honoraria Bjerknes Hamre
Gabriel Fliflet
Carl Fredrik Pedersen
Kåre Flatlandsmo
Jon Arne Eie
Ingvald Skeie Ljones
Melisa Fajkovic
Sverre Stakkestad
Synnøve Kvamme
Mona Maria Løberg
Borgar Emanuelsen Bohlin

Annonseansvarlig

Sverre A. Stakkestad
Tlf. : 55 10 10 97

Layout

Mona Maria Løberg
mm@naturvernforbundet.no

Trykk

A2G Grafisk AS

Opplag

2380

Framsida

Foto: Borgar Emanuelsen Bohlin
Fra «Naturlig onsdag» i februar og mars.

NaturVest

v/Naturvernforbundet Hordaland
Bryggen 23, Jakobsfjorden 4. etasje
5003 Bergen

Tlf. 55 30 06 60

naturvest@naturvernforbundet.no
naturvernforbundet.no/hordaland

NaturVest oppfyller miljøkrav til papir, trykkfarge og trykkeprosess.

Papir: 100g Cyclus Offset 100% resirkulert

Se også www.svanemerket.no



INNHOLD

- 3 Kortnytt
- 4 Skuffa over transportplan
- 6 Den usynlige plastforurensningen
- 8 Flaumregulering i Vossovassdraget
- 10 Plakat - riv ut og heng opp
- 12 Kampen for vassdragsvern var lang, men meningsfylt
- 12 Miljøagentene
- 16 Flytrafikken - versting som belønnes
- 20 Kalender



Biltrafikken må ned for å redde klimaet - hvorfor skal ikke det samme gjelde flyene? 1. mars inviterte Naturvernforbundet Hordalands ressursgruppe for klima og transport til en luftig debatt med beina plantet på jorda. Se video fra møtet: bit.ly/NaturligOnsdagStream. Foto: Borgar Emanuelsen Bohlin.

KORTNYTT

Takk for at du sykler om vinteren!

TEKST OG FOTO

MONA MARIA LØBERG



«Takk for at du sykler på vinteren!» var slagordet som møtte de som syklet over målstreken i Lars Hilles gate 10. februar. Sykkelsjef Einar Grieg fra Bergen kommune var en av de som markerte Vintersykkeldagen og delte ut mat, drikke og gaver til vintersykkelistene. Og det er ikke uten grunn at mange ønsker å jobbe for å få flere til å sykle om vinteren, for det er kun 2,1% av reisene i vintermånedene som skjer på sykkel i Norge.



WINTER BIKE TO WORK DAY

Et årlig arrangement i februar for å feire de som sykler om vinteren.

Besøk: winterbiketoworkday.org.



LÆR OM REISEVANER

Les forskning fra TØI om hvordan og hvorfor folk reiser som de gjør: bit.ly/2mEDIEs



SE FLERE BILDER

Vi publiserer bilder fra arrangementer på Flickr-kontoen vår bit.ly/wbu4ic

Skuffa over transportplan

Lars R. Hole i Naturvernforbundet i Hordaland si klima- og transportgruppe er ikkje imponert over regjeringa sine samferdselsplanar.

TEKST OG FOTO

ØYVIND STRØMMEN

Då statsminister Erna Solberg, flankert av Terje Breivik (V), Helge André Njåstad (Frp) og Knut Arild Hareide (KrF) vitja Arna stasjon sist i februar gav dei inntrykk av at Hordaland har kome godt ut av det i Nasjonal transportplan. Regjeringa lova ny E16 og ny jernbane mellom Arna og Stanghelle, dei lova ringveg rundt Bergen, dei lova nytt Sotra-samband og dei lova også Hordfast.

I etterkant har regjeringa og støtteparti fått kritikk for at oppgraderinga av jernbane og veg mot Voss i røynda er dytta lenger fram i tid. At dobbeltspor mellom Arna og Stanghelle ligg inn er likevel det Lars R. Hole i Naturvernforbundet i Hordaland si klima- og transportgruppe er mest nøgd med, sjølv om han meiner satsinga kjem for langt fram i tid.

– Regjeringa seier at dei kjem med ei historisk satsing på jernbane, og syner til blant anna oslotunell og ringeriksbane. Kva tenkjer de?

– Det er slett ikkje verst, men pengane er ikkje løyvde og mykje av jernbanesatsinga er i fase to av transportplanen, og difor stadig eit godt stykke ut i det blå. Me ynskjer ei

umiddelbar satsing for å få reisetida på Bergensbanen ned mot fire timar.

Tilsvarande kritikk har kome frå både Forum Nye Bergensbanen og frå Rådet for Ringeriksregionen. Sistnemnde omtaler i ei pressemelding det at ringeriksbana vert skyve vidare fram i tid som både uakseptabelt og som svært skuffande, etter at samferdselsstatsråd Ketil Solvik-Olsen i april i fjor sa at spaden ville gå i jorda i 2019 og at banen ville stå ferdig i 2024.

«Kosta kva det kosta vil»

Naturvernforbundet i Hordaland er også misnøgd med at regjeringa og samarbeidspartia går vidare med Hordfast-arbeidet.

– Kosta kva det kosta vil, seier Hole.
– Prisen er no kome opp i 43 milliardar, og av erfaring vil det nok verta endå mykje dyrare. Ein kunne ha bygd mykje jernbane og mange sykkelveggar for desse pengane.

Hole seier at Naturvernforbundet kjem til å halda fram med å kjempa mot ferjelaus E39, og særleg mot Hordfast.

– Regjeringa freistar å framstilla dette som eit klimaprojekt, noko som sjølvstakt er tøv. Tenk berre på all



Statsminister Erna Solberg med (f.v.) Terje Breivik, Helge André Njåstad og Knut Arild Hareide.

betongen som vil gå med. I tillegg kjem naturøydingar, med bru over Bjørnefjorden som det verste dømet. Nye motorveggar vil fremja auka trafikk og motivera til langpendling. Me ynskjer ei moderat oppdatering og sikring av E39, og satsing på elektriske ferjer med hyppige avgangar, seier Hole.



HAVSKADE

Plastic exterminatore

IKKE ALLE NYE ARTER ER LIKE VELKOMMEN

Selve grunnlaget for Akvariet i Bergen er dyr som trives - i omgivelser som gir godt livsgrunnlag. I verden i dag finnes det mange trusler mot nettopp dette. Det viktigste våpenet vi har mot disse truslene er kunnskap. På Akvariet prøver vi å gi små og store lærelyst gjennom utstillinger som "Et hav av søppel" og "Ulovlig utsetting av fisk" og ved å delta i bevaringsprogram for Filippinske krokodiller – blant mye annet.

Velkommen til Akvariet for å lære mer (og selvfølgelig for å ha det gøy).

Langåpent 10-18 torsdag, lørdag og søndag (ellers 10-16)



AKVARIET
I BERGEN

akvariet.no

skyss.no



Reis miljøvennleg!

Reis kollektivt og bidra til eit bedre miljø. Last ned appen «Skyss reise» eller gå inn på **skyss.no** for å planlegge reisa.

Spar miljøet – reis kollektivt! God tur!

skyss 



Den beste hagejorden lager du selv

BIR gir inntil 1000 kr. i komposttilskudd

Ønsker du mer informasjon?
Se **bir.no** eller ring 815 33 030

facebook.com/BIRrenovasjon



Den usynlige plastforurensningen

Ørsmå plastartikler – såkalt mikroplast – er en del av bildet når vi skal snakke om plastforurensning. Den usynlige delen av bildet.

TEKST

HONORIA BJERKNES HAMRE

Hvalen som strandet i Øygarden nylig døde ikke forgjeves. Bildene av hvalmagen full av plast har rystet folk, vi har alle fått en anelse om hvor utrolig mye plast det er i havet. Ryddeaksjoner er satt i gang, det samme er diskusjonen om hvordan vi kan slutte å bruke plast.

En god del av plasten som fyller opp strendene, ligger på havets bunn eller flyter rundt i havene kan med effektiv innsats kanskje fjernes. Verre er det med mikroplasten, plasten vi ikke ser.

Mikroplast er plastbiter på mindre enn fem millimeter. Kildene er flere. Slitasje av bildekk er en viktig kilde, og det samme er avrenning fra kunstgressbaner. Mikroplast oppstår dessuten når plastsoppel i havet slites ned til mindre biter, og små plastpartikler har også blitt brukt som tilsetningsstoff i kosmetikk og andre produkter.

Uansett hvordan mikroplasten ender i havet kan den utgjøre et problem, særlig for dyr som lever av plankton ved å sile sjøvann gjennom gjellene, slik som

blåskjell. Når sjødyr spiser mikroplast kommer partiklene inn i næringskjeden og ender i kroppene til individene øverst i næringskjeden, bl.a. oss mennesker.

Mikroplastpartiklene kan inneholde organiske miljøgifter som vil frigjøres i dyrenes magesekk, og bevege seg ut i vevene. Sjødyr inneholder allerede slike gifter, hvor mye av disse som skyldes mikroplast vites ikke. Det verste for dyrene er antakelig at plastpartiklene fører til metthetsfølelse, slik at de slutter å spise og får for lite mat.

Det er gjort forsøk med å utsette blåskjell for mikroplast. Partiklene forårsaket fortykkelser i gjeller og fordøyelseskjertler og ga i tillegg skade på annet vev, blant annet kappen. Blåskjell og andre muslinger spises av mennesker, og det er viktig å vite at de kan inneholde plastforurensning.

Torskemager er undersøkt flere steder på Norskekysten. Etter disse observasjonene ser det ut til at torskene kan kvitte seg med ufordøyelig plast. Analyse av mengden fremmedstoffer i

torskefilet i 2013 viste lave verdier, det var ingen økning i forhold til tidligere analyser.

En rekke laboratorier i verden arbeider med å måle mikroplastforurensning, i dyrevev og i miljøet. Det finnes forskjellige analysemetoder, men til nå har metodene vært for ulike til at resultatene kan sammenliknes. Ved å måle mengde og type plast i standardiserte prøver, håper forskerne etter hvert å kunne utvikle en felles metode. Når det er opprettet en standardmetode for å måle mengder og typer av plast, kan man bruke metoden til å overvåke mattryggheten. Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning i Bergen, NIFES, er med i dette arbeidet.

Honorias Bjerknes Hamre er aktiv i Naturvernforbundet i Hordaland.

Foto: Oregon State University, under CC BY-SA 2.0-lisens.



Voss Energi

-rein vossakraft!®




Tenk miljø – brems forbruket!

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS	Svartasmoget, N-5419 Fitjar	Telefon: 53 45 78 50 Telefaks: 53 45 78 60 E-post: sim@sim.as	www.sim.as
---	--------------------------------	---	--

Rein snø, frisk luft...
det er slik me ynskjer at vinteren skal vera!





På naturen si side

Indre Hordland Miljøverk | 56 52 99 00 | ihm.no



Tett på

Huskeliste:

- Ryddie garasjen
- Klippe busken
- Kasse skap i kjeller
- Ryddie loftet

**BESTILLE
CONTAINER!!!**

Tlf 55 34 92 00

Vi leverer container til deg når du trenger det. Og henter den igjen når du vil. Raskt og rimelig.

www.franzefoss.no Igjen og igjen og igjen...



**Miljøgifter finst
i meir enn du trur.
Hugs å sortere riktig.**

sortere.no



**Avfallsløsning
med fokus
på miljø**



**I samarbeid med Retura
hjelper BIR Bedrift din
virksomhet med å sikre
sin miljøinnsats.**

Vi kan tilby:

- Rådgivning
- Henting av papp, plast, næringselektro m.m.
- Utleie av container for privat og næring
- Skreddersydde løsninger

Kontakt oss på:
55 27 70 50

RETURA®



BIR BEDRIFT

Flaumregulering i Vossovassdraget

Det finst gode alternativ til regulering utan kraftutbygging.

TEKST

KÅRE FLATLANDSMO

Bakgrunnen for at spørsmålet om flaumregulerande tiltak i Vossovassdraget no har kome opp er at fleire vassdrag på Vestlandet i oktober 2014 vart råka av storflaum. Folk flest opplevde det som skræmmande medan det stod på, og det var omfattande skader på bygningar og infrastruktur. M.a. vart tettstadane Aurland, Flåm, Odda og Voss hardt råka.

Klimaprognosar viser at slike flaumar vil bli større og kome oftare i framtida. På denne bakgrunn vart Multiconsult våren 2016 engasjert av Voss kommune og NVE for å sjå på «alle mogelege tiltak» for å redusere omfanget av framtidige skadeflaumar

i Vossovassdraget. I hovudsak er problemstillinga slik at tettstaden Vossevangen med jamne mellomrom kan bli overfløymt av innlandsbassenget Vangsvatnet med eit areal på om lag 7,5 km².

Etter ein prosess der interesserte aktørar kunne kome med innspel vart i alt om lag 20 innspel registrert. Multiconsult valde å arbeide vidare med 10 av desse innspela som i sluttrapporten vart presentert som alternative løysingar på flaumproblema. Desse alternativa vart vurdert i forhold til flaumdempande evne og i nokon grad prissett.

I Voss Naturvernlag vart det tidleg i prosessen klart at skulle me verte tatt på alvor i lokalsamfunnet, var det ikkje nok å fremje argument som for eksempel å verne om og restaurere våtmark, elvesletter og myrer som har evne til å ta opp store mengder vatn. Restaurering og vern av skog i bratt terreng, kantsoner og andre område som er viktige for å hindre erosjon ville heller ikkje åleine ha nokon effekt innanfor det tidsperspektivet det her var snakk om.

Vossovassdraget oppstraums Vossevangen er varig verna. Det har difor vore viktig å få fokus bort frå denne delen av vassdraget, der kraftbyggjarar fremja utbyggingsplanar som del av flaumregulerande tiltak.

Naturvernlaget valde difor å kome med innspel om flaumtunnell nedstraums Vossevangen, ved utløpet av Vangsvatnet mot vest. Dette framlegget vart teke med i Multiconsult sine planar som alternativ 6A og 6B i bearbeidd form. I Naturvernlaget sitt opprinnelege innspel var det rekna med ein tappetunnell med areal på om lag 80 m² og helling på 1:1000. Ved å starte nedtapping av Vangsvatnet i forkant ved flaumvarsel ville dette kunne redusere vasstanden i Vangsvatnet med om lag 90 cm i døgnet. For å sikre lokalsamfunna nedstraums Vangsvatnet, m.a. Evanger, er det også funne nødvendig med ein flaumtunnell mellom Evangervatnet og Bolstadøyri.

Dette er ikkje første gongen det verna Vossovassdraget er under press av kraftutbyggjarar. Deira hovudargument denne gongen var at regulering for kraftutbygging er eit effektivt flaumregulerande tiltak og at storflaumen i 2014 har skapt ein heilt annan situasjon enn ved tidlegare framstøyt. Det er nok ein heilt rett analyse, men det er også andre sider ved Vossasamfunnet som har endra seg mykje dei siste åra. Voss er blitt staden for dei gode naturopplevingane, det er etablert blomstrande føretak som byggjer si verksemd på naturbaserte opplevingar med nettopp den verna delen av elva som ein naturleg

Mellom dei lag og organisasjonar som har samarbeidd i saka finn me m.a.:

- Voss Naturvernlag
- Voss Utferdslag
- Voss Jeger-og Fiskarlag
- Voss Kajakklubb
- Stiftinga Voss Klekkeri
- Ekstremsportveko
- Voss Active
- Naturvernforbundet Hordaland
- Forum for Natur og Friluftsliv
- Enkeltpersonar



Ty: Raundalselva – varig vera. Foto: Voss Naturvernlag. Flaumtunellar. Oversikt over nokre flaumregulerande tiltak i Vossovassdraget. Th: Fossestryk i Raundalselva. Foto: Jon Arne Eie.



opp mot kraftutbygging. På kartet er kraftutbyggingsalternativa representert ved alternativ 2 og 3 der vatnet ville bli ført ut av vassdraget til Granvinsfjorden med berre minstevassføring att i elveløpet. Kommunestyret har samstundes gitt NVE i oppgåve å finne den beste løysinga for flaumregulering. Denne jobben skal NVE bruke det neste året på, så får finansiering av løysinga verte neste steg.

føresetnad.

Bygda er også så heldig at det rundt 2000-talet vart gjennomført ei grundig undersøking omkring betalingsviljen for å behalde eit anna vassdrag i kommunen urørt. Undersøkinga vart gjennomført av det som den gongen var Landbrukshøgskulen på Ås, no NMBU (Norges Miljø- og Biovitenskapelege Universitet) og var på førehand godkjent av utbyggjar (BKK), grunneigarar, hytteeigarar og kommunen.

Sidan både vassdraget som den gongen vart undersøkt, og Vossovassdraget ligg i tilknytning til det same lokalsamfunnet, er det mogeleg å overføre resultatata frå undersøkinga til dagens situasjon ved bruk av overføringsfunksjonar. Slik kjem det fram at betalingsviljen for å halde Vossovassdraget oppstraums Vossevangen urørt kan prissetjast til 43,8 mill kroner årleg. Men det har som nemnt tidlegare skjedd mykje på Voss etter år 2000. Ekstremsportveko var i ein heilt annan divisjon og m.a. Voss Active var knapt påtenkt slik at dei verdiane

som årleg vert generert på grunn av dei naturkvalitetane som ligg i vassdraget kan summerast til 86,9 mill kroner.

No er det ikkje ukontroversielt å setje verdi på naturgoder på denne måten, slett ikkje alle tenester som naturen yter oss kan utan vidare prissetjast og ikkje alle er samde i denne måten å sjå det på. Men der det finst ein marknad, hypotetisk eller réell, finst det ei mogelegheit. Og kroner og øre er eit språk som det politiske miljøet forstår. Når det, slik som i dette tilfellet, kan dokumenterast at verdien av naturgodene er høgare, eller i alle fall like store som det kraftinntektene årleg vil generere, er det vel ikkje noko grunn til å byggje ut? Og det er ikkje plass til begge delar. I tillegg er det slik at når det gjeld verdien av naturgodene er me berre i startfasen av utviklinga medan kraftprisane i framtida i beste fall er usikre.

Sjølvsagt om det lenge såg ut til å gå andre vegen, har Voss kommunestyre i vedtak den 16.2.2017 inntil vidare lagt bort planane om flaumregulering knytt

Voss Naturvernlag er ikkje den einaste lokale aktøren som har engasjert seg i denne saka, sjølv midt i vernemiljøet er ein overraska over kor sterkt og godt verneinteressene er blitt hevda. No er det gjeve eit lite pusterom og miljøet er ved godt mot. For i siste instans har Stortinget sagt at konsesjonshandsaming i verna vassdrag skal leggjast fram for Stortinget og berre vurderast i dei tilfelle der andre flaumdempande tiltak er utprøvd, liv og helse står på spel og verneverdiane ikkje vil påverkast nemneverdig. At naturverdiane i eit verna vassdrag er store seier seg sjølv. Og det er peika på gode alternativ til flaumregulering utan kraftutbygging.

Kåre Flatlandsmo er leiar i Voss naturvernlag. Ein del av talmaterialet og faktaopplysningane i denne artikkelen er henta frå rapporten «Verdisetjing av naturgoder i Vossovassdraget», gjeve ut av Voss Naturvernlag i januar 2017.



TAKK

for at du rydder i ditt nærmiljø.
Det hjelper!



Naturvernforbundet
Hordaland

natur vest

3 1979

Den nord-østre del av STØLSHEIMEN er fremdeles lite berørt av kraftutbygging. VNV har skrevet til Miljøverndepartementet og bedt om at arbeidet med å få området vernet blir intensivert. Mer om dette på s. 6.



Fra Stølsvatn. Foto: Helge Sundt.

VESTLANDSKE NATURVERNFORENING

STØLSHEIMEN

Mange av våre medlemmer har sikkert gleden seg over å gå i Stølsheimen i sommer. Vi har gleden oss over den vakkerte naturen – og over Bergen Turlag sine koselige hytter. Noen har gleden seg over å stå på gamle kulturminner – andre over gode fiskemuligheter.

Vi har vel prøvet så godt det lar seg gjøre å legge turveien utenom kraftutbyggings skjennende år. Og vi har vel alle tenkt at de områdene som fortsatt er utrykte, må vi få beholde som de er!

I den nord-østre del av Stølsheimen har vi et område som er lite eller ikke berørt av kraftutbygging, og som inneholder store naturverdier som bør verne. Området har naturfaglige, skil og kulturfaglige verdier, og det har stor betydning for friluftslivet.

Vestlandske Naturvernforening har i juli i år skrevet til Miljøverndepartementet og bedt om at arbeidet med å få vernet den nord-østre delen av Stølsheimen blir intensivert.

Området ligger i Sogn og Fjordane, og grovt skissert har vi foretatt grensen i nord overfor Jordbruksarealene ved Arna-fjord. Vi mener at Pinnfjorbotten bør inngå i landskapsvernområdet p.g.a. særegen natur. I sør foreslår vi en linje fra nordenden av Kvileteinvatn, nord for Seitedalsvatn og Holskarvatn – muligens noe lenger syd. Mot vest en linje fra Holskarvatnet via sydenden av Solrenningsvatn ned til Sognefjorden ovenfor Njålsvik.

Grensene er selvsagt bare foreløpig foreslått. En rekke undersøkelser må foretas for å få dokumentert verneverdiene.



Slik bør det ikke bli. Fra Stølsfossen.

Foto: Helge Sundt.

Først når dette er gjort, og andre instanser og berørte parter har uttalt seg, kan grensene trekkes opp.

Vi håper at Miljøverndepartementet vil sette fart i vernearbeidet nå. Det haster med å få et landskapsvernområde i Stølsheimen, mens der ennå er noe å verne!

Razi Faye.

Norges Naturvernforbund:

Samlingsdepartementet
hindrer oljesperring

"Enkelt på olje" har vore eit ofte tilbakevendende tema i 1979. Strømaktene har kome med sterke oppfordringar om å senke forbruket av oljeprodukt. Sjølv-

Med jubileet
kan du reis
du vil for 14

Billetten gjelder for en
hverdager unntatt fre
heitt frem til 13. desember



Narmere opplysninger
og innsett

Kampen for vassdragsvern var lang, men meningsfylt

Våre vernede vassdrag er under nytt press. Det er viktig å huske på den store vassdragskampen for noen tiår tilbake.

TEKST

HONORIA BJERKNES HAMRE

Det foreslås nå å bygge kraftverk for å finansiere flomvern som i Vosso og i Opo i Hardanger. Vi har en regjering som også kan tenke seg å bruke vernede vassdrag til kraftproduksjon, rett og slett bare for kraftproduksjonens del. Men hvorfor og når ble vassdragene vernet? Den store vassdragsvern-kampen som foregikk i 1960–80-årene ser ut til å forsvinne ut av nordmenns historiske bevissthet.

De store utbyggingene av vannkraft startet på begynnelsen av 1900-tallet. Det var ny teknologi som gjorde det mulig å omgjøre energien i rennende vann til elektrisitet. Utbyggingen ga grunnlag for de store aluminiumsverkene og annen industri, og for elektrifisering av hele samfunnet. Folk godtok de store naturødeleggelserne fordi de førte til mange arbeidsplasser og rikdom for landet. Men kraftselskapene gikk løs på fjellet uten begrensninger. Når de hadde

gjort seg ferdig med utbyggingen i et område var svære innsjøer demmet opp og tømt, elvene var tørrlagt og fjellet lå igjen som en slagmark. Da begynte folk å reagere.

Stølsheimen var et populært fjellområde i Hordaland. Da BKK i 1960 kunngjorde regulering av en rekke vann og elver der Bergen Turlag hadde lagt til rette for fotturisme med hytter og merkete stier, startet arbeidet for å få Stølsheimen med vassdrag vernet. Det tok 30 år, men i 1990 ble Stølsheimen landskapsvernområde en realitet.

I 1973 lanserte Statskraftverkene den største planen for vassdragsutbygging noen gang. Den omfattet elvene Bøvra i Bøverdalen, Otta i Skjåk, Jostedøla og elvene i Loen og Stryn. Alle skulle føres i tunnel gjennom fjellet til en kraftstasjon i Loen. De svære elvene ville bli til sildrebekker, folk var

sjokkerte. De østlige vassdragene ble kuttet ut, men planene for Jostedøla og Strynevassdragene dukket opp igjen på 1980-tallet.

Gigantplanene for videre vannkraftutbygging førte til at motstanden økte. Den ble en viktig del av den grønne bølgen i 1970-årene. Dette var en bevegelse drevet fram av folkelig engasjement i lokale grupper som førte kampen mot naturinngrepene i hjembygden. Engasjementet ble støttet av nasjonale miljøorganisasjoner, bl.a. var Norges Naturvernforbund en viktig pådriver.

Kravet om vern av vassdragsnatur ble etter hvert høylytt, og myndighetene satte ned et utvalg kalt Sperstadutvalget, som skulle hindre bit for bit-utbyggingen. Det ble laget en plan for vassdrag som skulle holdes utenfor kraftutbygging. Vassdragene ble gradert

Voss og Vaksdal vil verna - BKK fortsetter planarbeidet

Lokalbefolkninga står steilt mot utbyggingsplanane som Bergenshalvøens Kommunale Kraftselskap (BKK) har for Hesjedalsvassdraget i Vaksdal og Øvstedalsvassdraget i Voss. Men trass klårt nei frå folket og dei to kommunestyra, går BKK trøstig vidare i planarbeidet.

Av Pål Erdal

Vassdraga ligg i fjellområdet der dei to kommunane grensar til kvarandre. Det er inga stor utbygging målt mot dei riktig svære kraftanlegga landet har.

Urørt vassdrag

Likevel rører utbygginga ved viktige områder med stor nytte og opplevingsverdi, og med høg eigenverdi som tilnærma urørt vassdrag og rikt naturliv.

Vassdraga kan byggast ut kvar for seg, men det er mest truleg at ein vil å kopla saman mot Øvstedalsida i Voss med ein kraftstasjon nær Bolstad-

øyri. Produksjonen vert då ca 240 GWh til utrekna pris på kr 2,12 pr kWh.

Harde ord

Arbeidet starta hausten '91 då vassdraga var flytta til utbyggingsklar kategori 2. BKK inviterte då kommunane og lokale interessar til eit prosjektråd. Trass klår motstand har verken kommunar eller lokalbefolkninga gått ut av dette rådet. I alle fall førebels held ein informasjons- og meningskanalen ope for både parter. Det har falt hårde ord også i dette samtaleorganet. "Valdtekt" er nytta som nemning på kva folk oppfattar er ein samfunnsmessig heilt unødig og uforvarleg investering og rasering.

Alternativ uinteressant?

I alt er det lagt fram fem alternativ etter at tilrettelegginga for konsesjons- handsaming tok til. Me skal ikkje her gå i detaljer på desse.

Frå naturvernhold er det udelte positivt at motstanden ikkje rettar seg mot "dårlege" eller "gode" utbyggingsalternativ: utbygginga er uakseptabel uansett alternativ. Dette ligg klårt i dei kommunale vedtak, i grunneigar- interessane og i lokalavisa "Hordaland" sin leiar. "Henda av fatet og spar dykk vidare planlegging!!" er omkvædet. For grendene er alternativa "eit val mellom gift eller arsenikk". BKK hadde lenge vanskar med å akseptera



Stærk motstand mot BKK, her representert ved lokalbefolkninga i Øvstedalen i Voss der ingen ynskjer utbygginga velkommen.

Bilete: Sjur Herre, avisa Hordaland

etter konfliktgrad og lønnsomhet, og de som var verneverdige ble listet opp i *Samlet plan*. Etter hvert som vassdragene ble behandlet og vurdert, fikk de mest verdifulle varig vern i *Verneplan I, II, III og IV*. I 2005 kom en supplering av verneplanene som førte til at enda femti vassdrag ble vernet. Det var Stortinget som vedtok de fire verneplanene i årene 1973, 1980, 1986 og 1993. Til sammen fikk nesten 400 norske vassdrag varig vern i løpet av disse årene. Fylkene med flest vernete vassdrag er Nordland med 57 og Finnmark med 50 vassdrag. Fordi Stortinget vedtok verneplanene, er det også Stortinget som må vedta endringer av vernet.

Det var utrolig arbeidskrevende å jobbe mot utbyggingsmyndighetene. På fritiden slet bønder, lærere og helsearbeidere for å sette seg inn i planene som var utarbeidet for vassdragene deres, men fikk etter hvert like stor innsikt som ingeniørene, ja, større, fordi de var lokalkjente. De aktive slapp alt de hadde i hendene når noe sto på, «når det gjaldt elva måtte turrhøyet stå», som en bonde i Gaular sa. De lokale gruppene jeg kjenner best er Berg Breheimen i Stryn og Informasjonskomiteen for Gaularvassdraget, begge i Sogn og Fjordane. Hver sommer holdt de treff der støttespillere, men også

stortingspolitikere og ministre ble invitert. Det hjalp saken at folk fikk se naturen med egne øyne. Både Strynevassdraget og Gaularvassdraget ble tatt inn i Verneplan IV i 1993. Men da hadde motstandsarbeidet pågått i 20 år.

Engasjerte mennesker kjempet i 20 – 30 år for å redde hundrevis av elver. Og kampen ble vellykket. Vi har beholdt en vassdragsnatur som er en uerstattelig rikdom og til stor glede for svært mange mennesker. Skal dagens politikere kutte ut vernet med et pennestrøk?

Honoraria Bjerknes Hamre har vært aktiv i Norges Naturvernforbund siden 1970.



Faksimiler fra NaturVest fra 1979 og 1993, og dokumenter fra arbeidet med verneplanene fra 1971 til 1991. Les dokumentene:

- 1) bit.ly/2nuRWs8 2) bit.ly/2nHN5mO
- 3) bit.ly/NOU1976-15 4) bit.ly/NOU1983-18
- 5) bit.ly/NOU1983-41 6) bit.ly/NOU1991-12A



Årets største miljødugnad for barn

Miljøagentene skal også i år jakte batterier – sammen med over 10 000 fjerdeklassinger fra hele landet.

TEKST

CARL FREDRIK PEDERSEN



Batterijakten varer fra 8 - 28. mars, og er en morsom og opplysende kampanje der fjerdeklassinger fra hele landet konkurrerer om å samle inn flest mulig brukte batterier fra private husholdninger. I fjor var det Blakstad skole som vant – og de samlet inn hele 864 kilo batterier. Til sammen ble det samlet inn 61 195 kilo batterier i fjor. Sammen med Mikkel Niva, moromann fra tv, skal vi i år samle inn enda flere batterier.

Batterijakten er en skolekampanje. Skolene konkurrerer om to hovedpremier på 30 000 kroner som kan brukes til å gjøre noe gøy og miljøvennlig for hele klassen. Man kan vinne gjennom å samle flest mulig kilo per klasse, og mest mulig vekt per elev (vekten på de innsamlede batteriene deles på antall elever i hver klasse. Miljøagentene bidrar med læringsmateriell og kunnskap om batterier, resirkulering og gjenvinning. Batterijakten har en egen webside der skolen kan dele bilder, historier og tips, samt filmer og bilder fra jakten.

Batterier brukes i veldig mange av tingene vi bruker daglig og hvert

«Hvert år bruker vi 1750 tonn med batterier i Norge.

Årets gave!

Visste du at medlemskap i Miljøagentene kan gis bort som gave? Hvis du skal i bursdag eller gi en oppmerksomhet til noen, gi bort et gavemedlemskap i Miljøagentene! Den som gir bort medlemskapet kan få det registrert

som en verving, og den som får medlemskapet vil få velkomstpakke og fem nr. av medlemsbladet Miljøagentrapporten. Du bestiller på miljoagentene.no/gavemedlem og gaven koster kr. 100,-



år bruker vi 1750 tonn med batterier i Norge. Miljøagentene har siden Batterijakten ble startet samlet inn over 260 tonn, og levert disse til gjenvinning. Batterier skal nemlig ikke kastes! Samarbeidspartner Clas Ohlson vet hva de skal gjøre med brukte batterier og de stiller opp med viktig kompetanse og gode innspill for å gjøre Batterijakten så morsom og lærerik som mulig. Hos Clas Ohlson blir batteriene hentet av Norsirk – et landsdekkende returselskap som samler inn, gjenvinner eller håndterer elektrisk og elektronisk avfall på miljøvennlig måte. I Norge har vi satt et mål om at 45% av alle batterier skal gjenvinnes og batterier kan leveres både i butikker som selger dem, og på din lokale gjenvinningsstasjon.

Barna som er med på Batterijakten blir spesialister på å samle inn

engangs batterier og på hvordan man håndterer batterier som skal gjenvinnes. Det er blant annet viktig å teipe polene på batteriene for å unngå lekkasjer og brannfare. Det finnes også batterier som kan lades opp, bilbatterier, og dingser med innebygde batterier. Disse er ikke en del av Batterijakten, men kan også leveres inn til gjenvinning. Er du i tvil om hva du bør gjøre med dine brukte batterier – ta kontakt med en miljøagent nær deg!

Følg jakten her: batterijakten.no

Foto: Ingvild Skeie Ljones



Hjelp søkes!

Miljøagentene har nettopp startet fylkeslag i Hordaland, og søker flere lokallag og voksenkontakter. Kunne du tenkt deg å starte et lokallag i Miljøagentene? Eller å bidra på andre måter for å få opp aktivitetstilbudet for miljøengasjerte barn i Bergensregionen? Ta kontakt med post@miljoagentene.no eller på telefon 96901820.

Foto: Melisa Fajkovic

Flytrafikken

- versting som belønnes

Statens vegvesen er pålagt å minimere trafikkveksten i de store byene. Statseide har Avinor frie tøyler til å lokke oss til å fly mer.

TEKST

GABRIEL FLIFLET

Kan du forestille deg et norsk, statlig selskap som ga belønningspenger til dem som bygget flest nye kullkraftverk? Virkeligheten er ikke langt unna: Avinor har faktisk en bonusordning som premierer flyselskap med trafikkvekst. Avinor har også som uttalt mål å øke antall langruter, som gir de i særklasse største utslippene. Dette statlige selskapet arbeider altså for det stikk motsatte av hva staten gjør overfor storbyene: Da er det reduksjon av trafikken på veiene som premieres. Forskningsinstituttet Cicero slår fast at klimaskadeeffekten fra nordmenns flyreiser allerede er større enn fra alle andre transportformer til sammen. Fra 2002 og fram til 2014 har utslipp av

klimagasser fra flytrafikken fra Norge til utlandet økt med 109 prosent. Prognosene peker bratt oppover. Og flertallet av politikerne bare smiler.

Vi vet at det blir svært krevende å kutte så mye i utslippene av klimagasser som vi er nødt til. Da kan ingen deler av samfunnet skulke unna.

Listen over myndighetenes ettergivende behandling av flytrafikken er lang:

* Avgiften på drivstoff er minimal, langt under det bilister betaler.

* Flyruter til og fra utlandet slipper unna både CO₂-avgift og moms.

* I motsetning til utbyggerne av vei og jernbane, slipper Avinor å lage utredninger som viser alternativer til fortsatt vekst, når utvidelser skal vurderes.

* Flytrafikk inn og ut av EU/EØS-området er ikke del av noe kvotesystem som regulerer klimagassutslipp. Disse utslippene blir ikke ført opp i Norges eller noe annet lands klimaregnskap, men «forsvinner» bare.

* Taxfree-ordningen er en offentlig subsidiering av flytrafikk med flere milliarder kroner. Her belønnes de som reiser oftest, og dermed også forurensere mest.

På ti år er utslippene fra nordmenns utenlandsturer doblet. Det er her hovedproblemet ligger, ikke i ikke utslipp fra flyturene i Distrikts-Norge.

Hver nordmann slipper totalt ut ca. 11 tonn CO₂ i året. En ferietur til Australia fører til utslipp tilsvarende ca. 5 tonn CO₂. Da sier det seg selv at kan vi ikke boltre oss i stadig flere og lengre reiser. De kommende årene må vi raskt jobbe oss nedover, først mot 1-2 tonn, så nullutslipp, for å unngå at klimaet løper løpsk.

Avinor har planer om å redusere klimaavtrykket. Men deres hovedkort - biodrivstoff - er en tvilsom joker. Miljøkonsekvensene av slikt drivstoff varierer veldig. Noen typer kan til og med gi økte utslipp. Viktigst er likevel at ressursene som brukes til å produsere biodrivstoff, er knappe. Mange samfunnsområder vil måtte slåss om den gitte mengden som finnes. Hver ekstra flytur vil øke behovet for energi og gjøre det vanskeligere å komme i mål.

Jo da, flymotorene blir gradvis mer effektive. Men når veksten i trafikken er mye større enn reduksjonen i forbruket av drivstoff, monner det ikke.

Om det en gang i fremtiden vil bli utviklet ny teknologi som kan revolusjonere skadevirkningene fra

«I dag drives Avinor som en liten stat i staten.



« Jo da, flymotorene blir gradvis mer effektive. Men når veksten i trafikken er mye større enn reduksjonen i forbruket av drivstoff, monner det ikke.

luftfarten, er helt i det blå. Før dette er skjedd, må bremsene på.

Som en stor, statlig aktør, har Avinor selvsagt en forpliktelse til å ta klima og miljø på alvor. Det gjør ikke selskapet. Den største skylden har likevel politikerne. Det er deres ansvar å gi Avinor de rette føringene. En ny kurs må stakes ut.

Avinor kan ikke lenger ha som et formål å tjene mest mulig penger ved å skape mer trafikk.

I stedet må Avinors oppgave bli å tilby gode tjenester i begrenset og styrt utvalg, omtrent etter de samme prinsippene som Vinmonopolet blir drevet.

Planene om å bruke titalls milliarder

på å utvide kapasiteten på norske flyplasser må avlyses. Vi kan ikke bygge nye rullebaner på Gardermoen eller Flesland når utslippene må kraftig ned. I andre, miljøbevisste land er en nå snuoperasjon begynt: En høyere domstol i Østerrike nylig forbudt bygging av en ny rullebane på flyplassen i Wien. Begrunnelsen er å hindre nye, store klimagassutslipp. Delstaten Berlin har også bestemt at en tredje rullebane på deres hovedflyplass ikke skal bygges.


I dag drives Avinor som en liten stat i staten. Hvorfor skal ikke flytransport få både inntekter og utgifter over statsbudsjettet, slik det er med vei og jernbane? Hvorfor skal luftfarten styres helt annerledes enn andre

transportformer? Hvorfor vil Høyre ikke behandle saken om en tredje rullebane på Gardermoen som det det er - et kontroversielt politisk spørsmål - men overlate til Avinor å gjøre som de lyster?

Man kan mistenke at det er fordi det er lettvisst for politikerne å slippe å styre. Men vi har faktisk politikere fordi de skal styre. Ikke la det skure og gå. For da kan det gå riktig galt.

Gabriel Fliflet er styremedlem i Naturvernforbundet i Hordaland.

Foto: Bill Abbott, under CC BY-SA 2.0-lisens.



Bli med å hjelpe småfuglene!

Som medlem er du med på å sikre småfuglenes naturlige leveområder i:

- ✓ Eventyrlige gammelskoger
- ✓ Rike kulturlandskap
- ✓ Gamle og hule trær



Foto: Frans Person/CC

Send SMS kodeord NATUR til 2377 (200,-) eller fyll ut skjemaet og send!

Ja takk, jeg vil bli medlem i Naturvernforbundet

Navn:

Adresse:

Postnr:

Sted:

Tlf:

E-post:

Medlemskapet koster 200,- det første året. Deretter koster det 390,- per år.
Du kan også melde inn hele familien på www.naturvernforbundet.no/medlem

BESTILL VERVEMATERIELL

Du kan bestille brosjyrer, klistremerker, plakater ol. på naturvernforbundet.no/vervemateriell



EI FORNYBAR FRAMTID KREVER GRØNE ARBEIDSPlassAR

Ved utgangen av 2016 var 133.000 arbeidsledige i Noreg. Med ei grøn krisepakke kan arbeidsløysa bekjempast samtidig som me får fart på den grønne omstillinga. Raudt ynskjer å motvirke arbeidsløysa med blant anna opprusting av vasskraft og utbygging av jernbane.

Stem Raudt 11. september!

raudt.no/hordaland



GRØNT PUNKT
VINN OPPTIL
100.000,-
HUNDRE TUSEN KRONER!
NOK TIL Å FULLFØRE
ET PROSJEKT
BLI MED PÅ
RETURKARTONG-
LOTTERIET!
LES MER PÅ
www.grontpunkt.no

prøvekjøre.no

Prøv elsykkel i en uke!

Bestill på prøvekjøre.no. Medlemmer i Naturvernforbundet prøvekjører gratis. Kontakt prøvekjøre@naturvernforbundet.no for å motta verdikode.

Naturvernforbundet
Hordaland

METALLCO

BERGEN

VI KJØPER ALLE TYPER METALLER, SKRAPJERN OG KABELAVFALL	STØRRE KVANTA HENTES
VI UTFØRER DEMONTERING	VI UTPLASSERER CONTAINERE

Metalloco Bergen AS
Damsgårdsveien 95/97 5058 Bergen
Tlf. 55 34 17 70 - bergen@metalloco.com

Naturvernforbundet

Vi hjelper deg å bytte ut
oljefyren **slik at du blir en del av
klimaløsningen.**

oljefri.no



B-BLAD

retur: Naturvernforbundet Hordaland
co/ Medlemsregisteret
Naturvernforbundet
Mariboesgt. 8, 0103 OSLO

ETTERSENDES IKKE VED VARIG ADRESSEENDRING, MEN SENDES TILBAKE TIL AVSENDER MED OPPLYSNINGER OM DEN NYE ADRESSEN

Naturvernkalenderen 2017

Oversikt over noen natur- og miljørelaterte arrangement framover.
Følg med på www.naturvernforbundet.no/hordaland for mer informasjon.



Den naturlige skolesekken Hordaland

I løpet av våren blir det utflukt til skoler i Hordaland.

Skoler som ønsker undervisningsopplegg kan ta kontakt på hordaland@naturvernforbundet.no eller fylle ut skjema: bit.ly/NaturligeSkolesekkenHordaland

Naturlig onsdag

Har du ikke mulighet til å være med på *Naturlig onsdag* i Bergen? Du kan allikevel få med deg møtene på YouTube-kanalen vår: bit.ly/NaturligOnsdagStream

Følg oss på Facebook og Instagram.

Tips til saker sendes til:
naturvest@naturvernforbundet.no

MARS

Naturvern- og strategihelg

31. MARS 17:00 - 2. APRIL 13:00 [LYGRA GJESTEGÅRD](#)

En helg for frivillige og ansatte med faglig og sosialt program. Møt blant annet Silje Lundberg leder i Naturvernforbundet sentralt og bli med å utvikle visjon for Gode Grønne Norge.

APRIL

Naturlig onsdag: miljøansvar og urbefolkning

ONSDAG 5. APRIL 19-21:30 [AMALIES HAGE, BERGEN OFFENTLIGE BIBLIOTEK](#)
Økt global oppvarming og uttak av naturressurser rammer urbefolkningers tilgang til ressurser og levesett. Hva kan vi gjøre med det?

Den store sykkeldagen

22. APRIL 11-16 [FESTPLASSEN I BERGEN](#)
Sykkelturer, prøvekjøring av elsykkel, debatt, underholdning og gratis mat. Kontakt oss på provekjore@naturvernforbundet.no for å delta som frivillig!

MAI

Naturlig onsdag: Hva gjør naturen for oss?

ONSDAG 3. MAI 19-21:30 [AMALIES HAGE, BERGEN OFFENTLIGE BIBLIOTEK](#)
Naturen er vårt livsgrunnlag, et puslespill hvor alle brikkene spiller en viktig rolle. Vi kan ødelegge puslespillet om vi glemmer vår plass i det.

JUNI

Naturlig onsdag: Gamle bygg i en moderne by

ONSDAG 7. JUNI 19-21:30 [AMALIES HAGE, BERGEN OFFENTLIGE BIBLIOTEK](#)
Energibruk i bygg står for omtrent 40% av Norges totale energibruk. Vi trenger moderne byer som imøtekommer dagens klimamålsetninger. Men hva med de gamle byggene?

Prøv elsykkel i en uke!

Medlemspris: 0,-
Ord. pris: 350,-

Bestill på provekjore.no.
Send en epost til medlem@naturvernforbundet.no for å få verdikode.

NB! Du kan bli medlem når du bestiller.

